



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 19

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 66. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar
av den 65. generalforsamlinga i FN

Innhald

1	Samandrag	5	2.18	FNs 10-års minnemarkering av verdskonferansen mot rasisme (Durban)	14
1.1	Hovudlinjer	5			
1.2	Midtausten og den arabiske våren.....	6			
1.3	Nye trekk i gruppedynamikken	7	3	Saker i plenum	15
1.4	Val til Tryggingrådet.....	8	3.1	Innleiing	15
1.5	Ein aktiv og framoverlent generalsekretær	8	3.2	Generaldebatten	15
1.6	FN-reform	8	3.3	Havretts- og fiskerispørsmål	16
1.7	Sudan og Sør-Sudan.....	8	3.4	Dei internasjonale domstolane	17
			3.5	Midtausten	17
			3.6	Tryggingrådetets rapport og reform	18
2	Høgnivåveke og side-arrangement	9	3.7	Val til Tryggingrådet	18
2.1	Verdas største politiske møteplass	9	3.8	Humanitære spørsmål	19
2.2	Høgnivåmøtet om ikkje-smittsame sjukdomar	9	3.9	Handelsblokaden av Cuba	19
2.3	Global kampanje for kvinne- og barnehelse	9	4	Arbeidet i dei seks faste komiteane	20
2.4	Dialogmøte i regi av Clintons globale initiativ, Mexico og Sør-Afrika.....	10	4.1	Internasjonal fred og tryggleik (1. komité)	20
2.5	Globalt antiterrorismesamarbeid ..	10	4.2	Økonomiske og sosiale spørsmål (2. komité)	21
2.6	Høgnivåmøtet om Libya.....	10	4.3	Menneskerettar (3. komité)	22
2.7	Høgnivåmøtet om Haiti	11	4.4	Politiske spørsmål (4. komité)	23
2.8	Initiativet for openheit i offentleg sektor (Open Government Partnership)	11	4.5	FN-budsjettet (5. komité)	24
2.9	Energi for alle.....	11	4.6	Juridiske spørsmål (6. komité)	25
2.10	Trygve Lie Symposium 2011	11			
2.11	Biologisk mangfald	12	Vedlegg		
2.12	Høgnivåmøtet om kjernefysisk tryggleik.....	12	1	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 66. generalforsamling	27
2.13	Venner av fredsmekling	12	2	Oversikt over Noregs innlegg under den 66. generalforsamlinga i FN.....	30
2.14	Gjevarlandsmøte for det palestinske området (AHLC).....	13	3	Programbudsjettet 2012-2013	32
2.15	Iverksetjing av avtalen mot prøvesprenging av atomvåpen.....	13	4	FN sine medlemsland og bidragsskalaen	33
2.16	Minitoppmøtet om Somalia.....	13	5	FN-systemet	39
2.17	Høgnivåmøtet om svelte-katastrofen på Afrikas Horn	13	6	Forkortingar	40



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 19

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 66. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 65. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utenriksdepartementet 27. april 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Hovudlinjer

Den 66. sesjonen i FN's generalforsamling var prega av etterverknadene av den arabiske våren, spørsmålet om statusen til Palestina, debatten om finansiering av det regulære FN-budsjettet, oppkøringa til FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) i Brasil i juni 2012 og eit EU som sleit med å definere rolla si i FN.

Erfaringane frå 2011 illustrerer både dei sterke og dei svake sidene ved FN. På nokre område (slik som Libya og til ein viss grad Elfenbeinskysten og Sudan/Sør-Sudan) klarer FN å leve opp til forventningane våre. Samtidig er det tydeleg at FN ikkje rår over verkemiddel til å gjennomføre politikk for å møte globale utfordringar som mattryggleik, energiforsyning eller vasstilgang på ein effektiv måte. Mange land ønskjer heller ikkje å endre dette eller å styrkje rolla FN spelar.

I innlegg og forhandlingar har Noreg lagt vekt på at vi må nå tusenårsmåla innan fristen i 2015. Samtidig har ein i FN no byrja å arbeide med kva mål som bør vedtakast, og som skal gjelde etter 2015. Ei hovudsak for Noreg er at behova og interessene til dei fattigaste landa må varetakast, og at eksisterande tusenårsmål òg må følgjast opp etter 2015.

Generaldebatten vart for første gong opna av ei kvinne, Brasils president Dilma Rousseff. Utviklinga i Midtausten var hovudfokus i debatten. Dette nådde ein topp då president Abbas leverte inn medlemskapssøknaden frå Palestina til Generalsekretæren, og då president Abbas og Israels statsminister Netanyahu presenterte diametralt ulike versjonar av årsakene til at det er stillstand i fredsprosessen. Dei fleste nasjonale innlegga stadfesta òg at skiljelinjene i Palestina-spørsmålet står ved lag.

Andre gjennomgåande tema i Generaldebatten var klimaet fram mot partsmøtet i Durban i desember 2011 og oppkøyringa til FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) i Brasil i juni 2012, finanskrisa, behovet for reform av den globale finansielle arkitekturen og oppfølginga av FN's tusenårsmål. Generaldebatten elles var lite konfronterande. Eit unntak var som venta det iranske innlegget, som på nytt retta kraftige skuldingar mot USA og stilte spørsmålet om 11. september var planlagt av amerikanarane sjølve. Mange land valde å forlate salen medan Irans president talte. Noreg vart sitjande, men tok avstand frå dei iranske påstandane i det norske hovudinnlegget som vart framført av statssekretær Eide nokre dagar seinare.

I år handla det tematiske høgnivåmøtet under opningsveka i september om ikkje-smittsame sjukdommar. Initiativet til å drøfte dette temaet kom frå karibiske øystatar og land i Latin-Amerika, alle med relativt høg inntekt samanlikna med dei fattigaste landa i verda. Desse mellominntektslanda slit med stadig fleire tilfelle av livsstilssjukdommar, i tillegg til svak skatteinnkrevjing med svake nasjonale helsesystem til følgje. Vestlege land framheva det nasjonale ansvaret for å fremje folkehelse i eige land, medan utviklingslanda, mellom dei mellominntektslanda, kravde auka internasjonal bistand. Noreg framheva at det trengst auka nasjonal innsats mot livsstilssjukdommar som følgjer av røyking og helsefearleg kosthald, og understreka at skattar og avgifter må brukast til å fremje helse- og ernæringspolitiske målsetjingar. Også i år fann det stad eit spesialmøte om tusenårsmål 4 og 5 med generalsekretær Ban Ki-moon og statsminister Stoltenberg i sentrale roller. Statsministeren understreka det dramatiske positive i dei nye barnedødstala, som held fram å søkke markert på globalt nivå.

Særleg i komiteen for menneskerettar (3. komité) merkte vi korleis utviklinga i Midtausten og Nord-Afrika fekk etablerte tekster og tema til å framstå i eit nytt lys. Det såg lenge mørkt ut for å få samrøystes vedtak av dei «norske» resolusjonane om menneskerettsforsvararar og personar som er fordrivne frå bustadane sine innanfor sine eigne land. For resolusjonen om MR-forsvararar toppa dette seg i spørsmålet om korleis retten til fredelege demonstrasjonar skulle omtalast. Noreg har i tillegg bidrege til å avverje stadige forsøk på å undergrave kvinnerettar, spesielt seksuelle og reproduktive rettar. Ei uformell, men organisert konservativ gruppe av land vert møtt av motstand frå land som vil verne og styrkje det FN har oppnådd, og Noreg er alltid i front når desse

rettane må forsvarast. Den nye likestillingsorganisasjonen UN Women har gjort eit sterkt inntrykk som lovar godt for det vidare arbeidet i eininga og for påverkningskrafta ho har.

1.2 Midtausten og den arabiske våren

FN makta til ein viss grad å oppfylle forventningane til det arabiske folket når det gjaldt vern av sivile i Libya. Derimot viste det seg at det ikkje var mogeleg å støtte ambisjonane til det palestinske folket om både å bli godkjent som stat i FN og å oppnå full medlemskap, trass i at eit overveldande fleirtal av medlemslanda i FN stilte seg positive til dette. Det var brei semje om at palestinarane tilfredsstilte sentrale kriterium for kritiske statsbyggingsfunksjonar, og at ein palestinsk stat ville ha alle kjenneteikn på å vere ein stat, på ein betre og meir omfattande måte enn det vi ser i mange statar som i dag er medlem av FN. Rett før generaldebatten leidde Noreg eit møte i gjevarlandsgruppa for støtte til det palestinske folket (AHLIC), og ein viktig konklusjon frå dette møtet var at palestinarane har kome langt i å byggje opp infrastruktur for å danne ein berekraftig stat.

Medlemskap i FN krev at Tryggingrådet tilrår ein søknad til Generalforsamlinga, at denne tilrådinga får støtte frå minst ni av medlemene i Tryggingrådet, og at ingen av dei fem faste medlemene legg ned veto. Det viste seg tidleg at Palestina ikkje hadde så mange som ni ja-stemmer i Tryggingrådet. Dermed vart det ikkje nødvendig for USA å nytte vetoretten, noko som vart vurdert som det mest sannsynlege scenarioet dersom støtta elles hadde vore omfattande nok. Eit anna spørsmål som då reiste seg, var om Palestina ville be Generalforsamlinga vedta ein resolusjon som oppgraderte den palestinske statusen til observatørstat (frå observatør, som Palestina er i dag) utan å gje full medlemskap. Dette spørsmålet låg latent heile hausten, utan at Palestina tok initiativ til å leggje fram noko utkast til resolusjon. Spørsmålet kan kome opp att seinare. Parallelt gjekk det føre seg ein prosess i FN's særorganisasjon UNESCO, der spørsmålet om full palestinsk medlemskap vart reist. Generalkonferansen i UNESCO vedtok 31. oktober med 107 ja-stemmer, 52 avståande og 14 nei-stemmer at Palestina skal takast opp som fullverdig medlem i organisasjonen. Noreg stemte ja.

Tryggingrådet vedtok i mars 2011 resolusjonar som autoriserte maktbruk i Libya, og som til slutt leidde til at Gadaffi-regimet braut saman. Alt ved innleiinga av Generalforsamlinga i septem-

ber 2011 vart dei nye overgangsstyresmaktene i landet (NTC) innvilga rett til å representere Libya i FN. Dette vedtaket viste at fleire arabiske land, med Egypt og andre land i sør i spissen, stemte med den vestlege kretsen. Iran stemte for vedtaket, medan India og dei karibiske landa avstod. Tryggingrådsresolusjon 1973 om maktbruk for å verne sivile har skapt eit «post 1973-traume» blant mange land i FN på grunn av den effektive måten NATO gjennomførte tiltaka FN autoriserte i Libya. Ei rekkje land er blitt endå meir overfor regimeskifte som underliggjande mål når temaet er vern av sivile. Tryggingrådet har hausten 2011 av andre grunnar, men òg som følgje av reaksjonane på tryggingrådsresolusjon 1973, ikkje vore i stand til å utøve eit sterkt politisk press på Syria. Allereie i september la Kina og Russland ned veto mot ein resolusjon som kravde stans i overgrepa i landet, og som kunne ha opna for framtidige FN-sanksjonar. Desto meir gledeleg var det at eit klart fleirtal i FN's generalforsamling stemte for ein resolusjon som vart lagd fram i 3. komité av ei tverregional gruppe medforslagsstilarar, og som fordømte brota på menneskerettane i landet. Meir enn 130 land stemte for denne resolusjonen, som få veker tidlegare ikkje vart gjeven store sjansar til å verte vedteken sidan det er sterk og utbreidd motstand mot at FN's generalforsamling skal vedta resolusjonar som omhandlar menneskerettane i noko enkeltland. Noreg var ein aktiv pådrivar for denne resolusjonen om situasjonen i Syria.

1.3 Nye trekk i gruppedynamikken

Det vert stadig klarare at verda ikkje lenger kan delast i to grupper av land: utvikla land på den eine sida og utviklingsland på den andre. Dette skuldast særleg vedvarande og sterk økonomisk vekst i fleire folkerike land i sør. Noreg meiner at med økonomisk vekst og politisk utvikling følgjer det òg eit aukande ansvar for å ta del i byrdefordelinga i verda. Land som Kina, India og Brasil erkjenner at dei har eit ansvar for å hjelpe dei minst utvikla landa, men er ikkje budde på å ta på seg plikter på bistandsområdet. I 2. komité, som behandlar økonomiske og sosiale spørsmål og miljøspørsmål, arbeidde nokre av dei landa som er komne opp i kategorien mellominntektsland, hardt for å behalde utviklingsbistanden frå FN i eigne land. Desse landa ser på det som ein trussel at gjevarlanda konsentrerer seg om dei fattigaste

landa. Eit fleirtal av dei fattige i verda bur no i mellominntektsland.

I løpet av 2011 har vi merkt oss ei styrkt interesse for det nordiske samarbeidet i FN. Som følgje av den interne usemja i EU om konsekvensane Lisboa-traktaten skal ha for måten EU arbeider på i andre internasjonale organisasjonar på det utanrikspolitiske området, har interessa for nordiske innlegg auka. Dette forholdet har vorte forsterka ved at slike innlegg lettare kan ta opp problemstillingar som nordiske land ikkje har fått gjennomslag for i EU, særleg spørsmål om kvinnerettar og tilgang til familieplanleggingstenester.

Den gamle etablerte inndelinga av medlemslanda i FN i regionale grupper er i aukande grad ei utfordring. Inndelinga mellom vestgruppa, austgruppa og den alliansefrie rørsla (NAM) / G77 tilhøyrer ei anna tid, og det er eit paradoks at mange land i austgruppa er medlemmer av både EU og NATO. Sjølv om vestgruppa i mindre grad samordnar politiske posisjonar internt, har utviklinga dei siste åra gått mot eit meir tonegjevande og koordinert EU. Denne utviklinga stoppa i haust ved at Storbritannia la til grunn ei ny fortolking av Lisboa-traktaten om utanrikspolitisk samarbeid. Britane insisterte lenge på at EU i innlegga sine innleiingsvis skulle peike på at organisasjonen talte «på vegner av EU og medlemslanda», noko andre EU-medlemmer ikkje aksepterte. Dette førte til at EU ikkje tok ordet i viktige debattar, korkje i plenum eller i dei faste komiteane. Ei anna følgje var at EU-landa i langt større grad tok ordet i nasjonal kapasitet. EU fekk dermed ikkje spelt den politiske rolla under Generalforsamlinga som var venta.

Sjølv om NAM i enkelte spørsmål opptre samordna, hamna medlemslanda i gruppa på ulike posisjonar i fleire av dei vanskelegaste sakene, som resolusjonen i 3. komité om situasjonen i Syria og godkjenninga av akkreditiva til dei nye overgangsstyresmaktene i Libya. Det har vore stor interesse for og høge forventingar til samarbeidet blant BRICS-landa (Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika). Desse fem landa vert definerte både som veksande økonomiar og som land som er klare til å ta på seg større internasjonalt ansvar. Erfaringane så langt viser likevel at dei i liten grad samordnar synspunkta sine seg imellom. Dei samarbeider og stemmer likt på område der dei har felles interesser, men vik ikkje unna for å markere særskilde nasjonale posisjonar om dei finn det ønskjeleg.

1.4 Val til Tryggingrådet

Eit uttrykk for kor forelda gruppestrukturen i FN er vorten, såg vi under valet i haust av dei ikkje-faste medlemene i Tryggingrådet. Innanfor austgruppa var det tre kandidatar (Aserbajdsjan, Slovenia og Ungarn) til eitt sete, og det var Aserbajdsjan som til slutt trekte det lengste strået. At dette landet vann, skuldast brei mobilisering av muslimske land, og at Aserbajdsjan hadde slutta seg til NAM kort tid i førevegen. Andre nye medlemmer er Pakistan, Marokko, Guatemala og Togo.

1.5 Ein aktiv og framoverlent generalsekretær

Generalsekretær Ban Ki-moon vart før sommaren utnemnd for ein ny femårsperiode. Han har i aukande grad profilert seg i politisk følsame spørsmål som den arabiske våren, Elfenbeinskysten og seksuell orientering, for å nemne nokre eksempel. Frå norsk side har vi sett pris på eit godt samarbeid innanfor prioriterte område som rein energi, barne- og mødrehelse, FN-reform og menneskerettar. Det er oppretta ei gruppe for å føreslå omfattande organisatoriske endringar, og store utskiftingar i visegeneralsekretærstillingane er undervegs.

1.6 FN-reform

Noreg vidareførte arbeidet for reform av FN, mellom anna gjennom å følgje opp Stoltenbergpanelets rapport om «Eitt FN». Saka møter framleis

motstand frå enkelte tonegejvande land i G77, men eit internasjonalt møte i Uruguay i november og kontinuerleg press frå både programland og gjevarland heldt saka varm.

Ei rekkje medlemsland er skeptiske til djuptgripande endringar i FN's arbeidsmetodar, når det gjeld både å skape ny dynamikk i det mellomstatlege arbeidet og å effektivisere FN-sekretariatet. Det rår ein utbreidd reformtrøytteleik og ei haldning om at «vi veit kva vi har» i verdsorganisasjonen.

Debatten om reform av Tryggingrådet er framleis fastlåst. Dette gjeld spesielt utvidingsspørsmålet, med skarpe frontar mellom dei som ønskjer utviding av faste og ikkje-faste plassar, og ei stor gruppe land som berre ser for seg utviding av talet på ikkje-faste medlemmer av rådet.

1.7 Sudan og Sør-Sudan

Sør-Sudan vart teken opp som den 193. medlemen i FN i forkant av generalforsamlinga i år. Som følge av den arabiske våren har likevel ikkje fokuset på Sudan og Sør-Sudan i Tryggingrådet og FN elles vore så sterkt som venta. For å skape større merksemd om Sør-Sudan arrangerte difor Noreg, saman med USA og Storbritannia, eit møte under høgnivåsegmentet i Generalforsamlinga i september for den nyaste medlemen i FN. For Sør-Sudan gjekk sjølve prosessen med folkeavstemming, sjølvstende og opptak som FN-medlem langt meir smertefritt enn det var venta på førehand. Samtidig har dei mange uteståande spørsmåla mellom Sør-Sudan og Sudan skapt ein spent tryggingssituasjon og eit krevjande forhandlingsklima.

2 Høgnivåveke og sidearrangement

2.1 Verdas største politiske møteplass

I starten av FNs generalforsamling vert politiske leiarar frå heile verda samla i éi hektisk veke. I tillegg til generaldebatten vert det halde politiske møte om utvalde problemstillingar, og hovudtemaet i år var ikkje-smittsame sjukdomar. Andre viktige spørsmål var knytte til berekraftig utvikling, kampen mot terror og openheit og kamp mot korrupsjon. I tillegg vart det halde høgnivåkonferansar om aktuelle landsituasjonar som Libya og Haiti. På same måten som tidlegare år var Noreg vertskap for møtet i den internasjonale støttegruppa for palestinske styresmakter (AHLC) og for Trygve Lie-symposiet om dei grunnleggjande fridomane, der temaet denne gongen var sosiale media og demokrati.

2.2 Høgnivåmøtet om ikkje-smittsame sjukdomar

Høgnivåmøtet om ikkje-smittsame sjukdomar vart halde i perioden 19.–20. september. FNs generalsekretær opna møtet og peikte på at ikkje-smittsame sjukdomar er ein trussel mot utvikling. Han minte om kva som må til for å redusere framveksten: mosjon, sunt kosthald, røykeslutt og mindre alkohol. Han understreka vidare at privat sektor må ta sin del av ansvaret. Generaldirektør i WHO Margaret Chan omtalte veksten i ikkje-smittsame sjukdomar som «a slow motion disaster» som vil koste verdsøkonomien dyrt dersom vi ikkje handlar no. Chan peikte på førebygging av bruk av tobakk, mellom anna gjennom skattar og avgifter, som det mest effektive verkemiddelet mot kreft, diabetes, hjertesjukdomar og luftvegsjukdomar. Hun gjekk kraftig ut mot tobakksindustrien og angrepet deira på tobakkskonvensjonen. Helse- og omsorgsminister Strøm-Erichsen heldt Noregs hovudinnlegg, der ho la vekt på førebygging, behovet for tverrsektoriell innsats og resultatfokus. Hun understreka kor viktig det er å involvere frivillige organisasjonar. Vidare framheva ho at det er heilt uakseptabelt at tobakksindustrien har saksøkt Noreg, og at vi

ikkje vil la oss hindre i å gjennomføre politikk for å fremje folkehelse.

Andre innlegg omtalte nasjonale erfaringar med å redusere ikkje-smittsame sjukdomar. På same måten som Noreg la mange vekt på førebygging, verdien av politisk leiarskap og tverrsektoriell innsats. Behovet for bistand og internasjonalt samarbeid vart framheva av ein del land, men var ikkje eit gjennomgåande tema. Tilgang til medisinar vart omtalt av enkelte land, og var det vanskelegaste spørsmålet under forhandlingane om erklæringa frå høgnivåmøtet. I denne samanhengen viste fleire land til fleksibiliteten i WTO-avtalen om handelsrelaterte sider ved immaterielle rettar (TRIPS-avtalen). Somme tok til orde for å opprette globale ordningar og peikte på at problemstillinga fortente bistandsmidlar, men dette var ikkje eit gjennomgåande tema. WHO og Verdsbanken vart trekte fram som internasjonale organisasjonar som kan hjelpe land med å møte problemstillinga, mellom anna gjennom å styrkje arbeidet med helsestatistikk.

Høgnivåmøtet vedtok ei erklæring som balanserte mellom behovet for styrkt nasjonal innsats mot livsstilssjukdomar og behovet i utviklingslanda for auka internasjonal støtte og betre rammevilkår for å få tilgang til legemiddel.

2.3 Global kampanje for kvinne- og barnehelse

Som ledd i kampanjen for kvinne- og barnehelse arrangerte generalsekretær Ban Ki-moon eit møte der statsminister Stoltenberg deltok i ei sentral rolle. Barne- og mødredødstal er dei av tusenårsmåla til FN som har vist seg vanskelegast å nå. Dette var bakgrunnen for at Ban Ki-moon i 2010 starta ein global kampanje for kvinne- og barnehelse. Gjevarland har gjeve tilsegner om å bidra med 40 milliardar USD. Aldri tidlegare har så mange slutta opp om ein felles plan for helse i fattige land på så kort tid.

Statsminister Jens Stoltenberg samarbeider tett med generalsekretæren og andre globale leia-

rar om å mobilisere for barne- og kvinnehelse gjennom den globale kampanjen. Han understreka at det må fokuserast på resultat, og peikte på den auka satsinga på resultatbasert finansiering innanfor bistanden som ei hovudårsak til at framgangen er så gledeleg når det gjeld reduserte barnedødstal. Han understreka at Noreg vil vidareføre den sterke støtta til kampanjen til generalsekretæren. «Det finst ikkje noko viktigare enn å redde livet til kvinner og barn,» avslutta Stoltenberg.

2.4 Dialogmøte i regi av Clintons globale initiativ, Mexico og Sør-Afrika

Statsminister Stoltenberg deltok i ein paneldebatt i regi av Clinton Global Initiative (CGI) saman med m.a. Sør-Afrikas president Zuma og Mexicos president Calderon. Klimadialogen vart innleidd av Mexico, og tidlegare president Clinton leidde debatten. Bakgrunnen for dialogen var FN's klimakonferanse i Durban som fann stad på slutten av året. Statsminister Stoltenberg sa at vi på klimakonferansen i Durban måtte få på plass ei felles plattform som gjer at vi kjem vidare på nokre konkrete område. I Durban måtte 1) det grønne klimafondet verte ein realitet, 2) arbeidet for redusert avskoging og skogøydelegging få plass i ein framtidig avtale som det mest effektive tiltaket og 3) pris på karbon innførast som eit insentiv for å redusere utslepp og samtidig auke inntektene til statane.

Arrangementet lukkast i å setje fokus på klimasaka under den viktige høgnivåveka i FN. Clinton roste Noreg og statsminister Stoltenberg for å vise leiarskap og gå føre som eit godt eksempel, også ved å gje økonomisk støtte til utviklingsland. I tillegg til Sør-Afrika, Mexico og Noreg deltok statsleiarar frå Bangladesh, Mali, Slovenia og Grenada, i tillegg til EU-kommisjonen ved EU-kommisjonens president Barroso.

2.5 Globalt antiterrorismesamarbeid

Etter initiativ av FN's generalsekretær Ban Ki-moon vart det gjennomført eit høgnivåmøte om rolla FN spelar i kampen mot terrorisme. Generalsekretæren la vekt på det omfattande internasjonale samarbeidet som er oppnådd det siste tiåret. Hovudbodskapen frå utanriksminister Støre var at FN synte seg frå si beste side i leinga av det globale antiterrorismesamarbeidet mellom 193 land. Støre viste til

at terrorisme er kriminalitet av verste sort og må nedkjempast som dette. Formuleringar som «krig mot terrorisme» var difor lite nyttige og dessutan eigna til å skape inntrykk av at terrorisme var noko ein kunne nedkjempe ein gong for alle.

Debatten viste brei semje om FN som samlingspunkt for det internasjonale antiterrorismesamarbeidet og understreka at det var eit viktig gjennombrøt at landa i 2006 vart samde om ein heilskapleg strategi mot terrorisme. Strategien inkluderer tett koordinering mellom 31 FN-institusjonar og Interpol, globalt og regionalt samarbeid om tryggleik og lov og orden-spørsmål og menneskerettar i tillegg til tettare dialog om økonomiske, sosiale og kulturelle spørsmål. Ingen land er immune mot terrorisme, og fleire viste til 22. juli i Noreg som eit døme på at også land som er kjende for fred, tryggleik, rettferd og likskap, kan rammast.

Oppfølginga vidare vil mellom anna vere knytt til arbeidet med å slutføre forhandlingane om ein heilskapleg konvensjon mot terrorisme. Dette arbeidet vert òg støtta og prioritert av Noreg.

2.6 Høgnivåmøtet om Libya

Statsminister Stoltenberg deltok på høgnivåmøtet om Libya, saman med eit førtitals stats- og regjeringssejfar. Generalsekretær Ban Ki-moon la innleiingsvis vekt på at FN's tryggingråd nyleg hadde vedteke mandatet for ein ny FN-operasjon (UNSMIL) og framheva tryggleik og forsoning som dei fremste utfordringane framover. Han var oppmuntra over at dei nye styresmaktene i Libya hadde forplikta seg til demokratiske reformer og respekt for menneskerettane.

Statsminister Stoltenberg la på si side vekt på at kvinner må ta del i forsoning i og gjenreising av Libya, og tilbød norsk assistanse og rådgjeving innanfor forvaltning av petroleumssektoren. President Obama la i sitt innlegg vekt på at omveltningane i Libya kom som følgje av ein effektiv og målretta internasjonal koalisjon. Når det gjaldt innsatsen frå NATO, viste han spesielt til fire land: Frankrike, Storbritannia, Danmark og Noreg. Men det var det libyske folket sjølv, menn, kvinner og barn, som hadde synt det nødvendige motet for å få til endring. Det libyske folket måtte no ta eit ansvar for gjenreising av landet sitt. Det internasjonale samfunnet må støtte Libya på tryggingsområdet, i den demokratiske overgangsprosessen og med å løyse humanitære utfordringar.

I oppsummeringa av møtet understreka generalsekretæren at det er viktig med sterk libysk

eigarskap for den vidare prosessen, og at libyske prioriteringar og behov låg til grunn for internasjonal bistand.

2.7 Høgnivåmøtet om Haiti

Haitis nye president Michel Martelly leidde sjølv eit høgnivåmøte for dei største gjevarlanda, FN og andre internasjonale organisasjonar (Verdsbanken, IMF, OAS osv.), der han presenterte prioriteringane sine og ambisjonane om betre styresett og om å få lagt forholda til rette for private investeringar, sikre utdanning til alle og skaffe bustader til dei fleire hundre tusen som framleis bur i leirar. Bill Clinton, FN's spesialutsending til Haiti, og USAs utanriksminister Hillary Clinton deltok på møtet og uttrykte sterk støtte til den nye haitiske presidenten og planane hans.

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim slutta seg til denne positive budskapet og formidla at Noreg vidarefører støtta til institusjonsbygging, men understreka at større kompromissvilje og politiske reformer vil være avgjerande for å lukkast – ein budskap som særleg var retta til dei mange haitiske parlamentsmedlemene i salen.

2.8 Initiativet for openheit i offentleg sektor (Open Government Partnership)

Noreg er ein av åtte initiativtakarar til Open Government Partnership (OGP). Den 20. september vart det halde eit møte om OGP som samla i alt 46 land. Møtet vart leidd av president Obama og Brasils president Rousseff. OGP vart lansert av Obama i FN året i førevegen. Siktemålet var eit internasjonalt krafttak for ein open, tilgjengeleg og velfungerande offentleg sektor i alle land for å styrkje deltaking og demokrati i tillegg til økonomisk og sosial utvikling. OGP-landa sluttar seg til ei prinsippklæring og forpliktar seg til å følgje opp med konkrete tiltak.

Statsminister Stoltenberg viste til norske erfaringar og til «den norske modellen», der samarbeid med sivilt samfunn, tilrettelegging for medverking, openheit i forvaltninga og likestilling står sentralt. Statsministeren viste òg til oppfølging frå norsk side av «Extractive Industries Transparency Initiative» (EITI), som arbeider for openheit i pengestrømmer frå petroleums- og gruveverksemd til det offentlege, til openheita kring norske petroleumsinntekter og til openheit og etiske retningslinjer for Statens pensjonsfond utland (SPU).

2.9 Energi for alle

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim deltok på høgnivåmøtet som gav startskotet til initiativet frå Generalsekretæren om energi for alle. Blant deltakarane var statsleiarar, ministrar med ansvar for energi og næringslivsrepresentantar, mellom dei konsernsjefen i Statoil.

Solheim stadfesta at Noreg var forplikta til energi- og klimaagendaen og til initiativet frå generalsekretæren om berekraftig energi. Han understreka at energi var plassert midt i miljø- og utviklingspolitikken. Rio-konferansen i 2012 måtte sikre ein plan for energi for alle. I dette måtte det òg liggje ei satsing på energieffektivisering og fornybar energi og på at fossile energikjelder vert brukte så effektivt som råd er. Finansiering vart trekt fram som eit sentralt dilemma. Private investeringar har behov for avkastning, og dette kan føre til manglande investering i nye og nødvendige tiltak. Frå norsk side vart det vist til at spørsmåla knytte til finansiering stod sentralt i den nye energi- og klimasatsinga som regjeringa skulle lansere i Oslo i oktober, og at Noreg ville jobbe saman med generalsekretæren for å sikre at Rio+20 produserer resultat og viser veg framover på energiområdet. Til slutt framheva Solheim dei positive erfaringane med resultatbasert tilnærming frå skogprosjektet, og at denne framgangsmåten òg ville bli brukt på energisatsinga og som prinsipp for utvikling av modellar for offentleg-privat finansiering.

2.10 Trygve Lie Symposium 2011

Noreg har sidan 2008 arrangert *Trygve Lie Symposium on Fundamental Freedoms* under høgnivåveka av FN's generalforsamling. Symposiet er no etablert som ein strategisk norskinitiert arena for å skape debatt om sentrale problemstillingar knytte til menneskerettar.

Temaet for årets symposium var bruk av sosiale medium i arbeidet med å styrkje menneskerettane og fremje demokratiske prosessar. Temaet er nært knytte til Noregs innsats på felta ytringsfriheit og menneskerettsforkjemparar. Demokratiseringsprosessar, mellom anna i Midtausten, har gjort dette særleg aktuelt.

Utanriksminister Støre leidde paneldiskusjonen. I panelet deltok utanriksminister Carl Bildt frå Sverige og viseutanriksminister Maria Otero frå USA, dei to kjende menneskerettsaktivistane Nora Younis og Wissam Tarif, med omfattande erfaring frå bruk av sosiale medium under hen-

dingane den siste tida i Egypt og i Syria, og Claire Diaz Ortiz frå Twitter, som er forfattar av boka «Twitter for Good: Change the World One Tweet at a Time».

Debatten tok opp dilemma knytte til bruken av sosiale medium. Forholdet mellom sosiale medium som verktøy for ytringsfridom og spørsmål knytte til Internett-tryggleik vart drøfta grundig. Det vart understreka at styrken til sosiale medium ikkje berre ligg i dokumentasjon, men òg i mobilisering. Det var ikkje Facebook eller Twitter som styrta Ben Ali og Mubarak. Det var folket som styrta dei. Men effektiviteten i sosiale medium utløyste eit behov hos undertrykkjande regime til å hindre og sensurere bruken og kontrollere opposisjonelle og menneskerettsforkjemparar. Ein annan viktig bodskap var at vi må slå ring om ytringsfridomen og andre rettar, og at dette gjeld like mykje offline som online. Det vart vidare åtvara mot å innleie politiske prosessar i europeiske land som kan føre til at ytringsfridomen på nettet vert innskrenka, noko som vil sende svært negative signal til andre delar av verden.

2.11 Biologisk mangfald

Sekretariata for konvensjonen for biologisk mangfald og den internasjonale plantetraktaten arrangerte eit ministermøte for å auke merksemda om Nagoya-protokollen. Denne protokollen regulerer tilgang til og rettferdig fordeling av godar som er avleidde av genressursar. Noreg leier ei arbeidsgruppe for plantetraktaten og spelte ei sentral rolle under då Nagoya-protokollen vart framforhandla. Denne protokollen styrkjer det viktige arbeidet med å bevare det biologiske mangfaldet og er eit bidrag til å nå FN's tusenårs mål.

Bevaring av biologisk mangfald er av fundamental verdi for berekraftig utvikling. God genressursforvaltning vil sikre at frøsortar kan gje oss avlingar i framtida, også under eit endra klima. Det er likevel ulike syn internasjonalt på korleis genressursane skal sikrast. Somme legg vekt på innsatsen til den enkelte bonden, medan andre heller vil satse på genbankar. Under møtet la Noreg vekt på at desse to tilnærmingane bør kunne utfylle kvarandre. Noreg tilbyr gratis bruk av frøkvelvet på Svalbard, samtidig som dei opphavlege frøbankane framleis opprettheld full eigedomsrett.

2.12 Høgnivåmøtet om kjernefysisk tryggleik

Ulykka på det japanske atomkraftverket Fukushima våren 2011 har ført til ny merksemd omkring tryggleiken ved atomanlegg. FN's generalsekretær ønskte å løfte spørsmålet politisk og inviterte difor til eit høgnivåmøte. I tillegg til opningsinnlegget av presidentane frå Frankrike, Brasil og Sør-Korea og statsministeren i Japan heldt òg den amerikanske utanriksministeren Hillary Clinton og den britiske utanriksministeren William Hague innlegg.

Det var brei semje om at det var behov for å styrkje tryggleiken og beredskapen ved drift av kjernekraftanlegg. Det måtte takast lærdom av det som skjedde i Japan. Ei lang rekkje land uttrykte likevel klart at dei ikkje hadde planar om å trappe ned satsinga på atomkraft, medan andre heldt fast ved planane om å skaffe seg denne energikjelda. Sjølv om tryggingstiltak er eit nasjonalt ansvar, var det brei semje om å styrkje det internasjonale regelverket og samarbeidet og om at Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) må ha hovudrolla i dette arbeidet. Ei atomulykke vil alltid ha følgjer for andre land, også om ho ikkje er fysisk grenseoverskridande. Det internasjonale regelverket tek i dag ikkje høgde for det. Noreg la òg vekt på at arbeidet med kjernefysisk tryggleik og beredskap måtte sjåast i samanheng med innsatsen for å motvirke spreiding av atomvåpen og arbeidet for ei verd fri for atomvåpen.

2.13 Venner av fredsmekling

Finland og Tyrkia tok i 2010 initiativet til å opprette ei vennegruppe for fredsmekling som hadde som mål å leggje fram ein resolusjon om fredsmekling i FN's generalforsamling. Under høgnivåveka vart det halde eit utanriksministermøte i vennegruppa, der føremålet var å utveksle erfaringar og gje råd til FN-sekretariatet som arbeider med å utforme retningslinjer for effektiv fredsmekling.

Gjennomgåande vart det lagt vekt på styrking av kapasiteten innanfor fredsmekling, styrking av partnerskapen med regionale og sub-regionale institusjonar og sivilt samfunn. Somme la stor vekt på at meklarane må vere nøytrale, men nobelprisvinnar Ahtisaari åtvara mot at dette kunne føre til at dei vart handlingslamme, og peikte på at meklarar skal vere aktive og heller framstå som «honest brokers». Utanriksminister Støre understreka at førebyggjande diplomati er ei sentral oppgåve for FN. Han peikte vidare på at vellukka fredsmekling

krev denne rette blandinga av fleksibilitet og samordning. Utanriksministeren la òg stor vekt på at kvinner må delta i fredsprosessar, og viste her til pliktene som følgjer av tryggingrådsresolusjon 1325.

2.14 Gjevarlandsmøte for det palestinske området (AHLC)

Utanriksministeren leidde 18. september eit vellykka møte i gjevarlandsgruppa for palestinarane (AHLC), som slo fast at palestinske styresmakter har nådd dei måla dei sette seg for institusjonsbygginga for ein levedyktig stat. Men møtet peikte òg på dei store utfordringane den palestinske regjeringa står overfor, med svekt økonomisk vekst, utsikter til mindre overføringar frå gjevarar og framleis store økonomiske hindringar som følge av det israelske stengingsregimet på Vestbreidda og i Gaza. Gjevarane vart samde om å bidra til å sikre stabilitet gjennom å vidareføre støtta til palestinske styresmakter. Bidraga erstattar likevel ikkje behovet for ein berekraftig økonomisk vekst i privat sektor. Israelske restriksjonar på tilgang til ressursar og marknader må lettast i langt større omfang enn tidlegare for at veksten skal styrkjast, ifølgje rapportane frå FN, Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet.

2.15 Iverksetjing av avtalen mot prøvesprenging av atomvåpen

Annakvart år vert det halde ein konferanse om iverksetjing av avtalen mot prøvesprenging av atomvåpen (CTBT). Avtalen er 14 år gamal, og 154 land har slutta seg til han. Avtalen vert likevel ikkje sett i verk før alle land som er definerte som kjernevåpenkapable, har ratifisert han. Etter at Indonesia ratifiserte avtalen i 2011, står følgjande land att: Kina, USA, India, Pakistan, Iran, Israel, Egypt og Nord-Korea. Konferansen oppfordra desse landa til å slutte seg til så snart som mogleg. I den påfølgjande debatten vart det understreka at CTBT er ein viktig reiskap for å hindre spreiding av atomvåpen og ein føresetnad for å nå målet om ei verd utan atomvåpen. Kontrollsystemet som er utvikla for å overvake at det ikkje vert gjennomført prøvesprengingar, er dessutan nyttig i andre samanhengar, m.a. for varsling av jordskjelv. USA viste til at målet framleis var å ratifisere avtalen, men at det kunne ta tid. Statssekretær Eide understreka at Noreg støttar CTBT og overvakingssystemet fullt ut. Han beklaga at

nokre få land hindra ein avtale med brei oppslutning i å tre i kraft. Noreg og Storbritannia omtalte det norsk-britiske samarbeidsprosjektet om verifikasjon av nedrusting. Føremålet er å vise korleis ikkje-kjernevåpenstatar kan kontrollere at atomvåpenstatane lever opp til pliktene sine.

2.16 Minitoppmøtet om Somalia

Som i 2010 arrangerte Generalsekretæren eit høgnivåmøte om Somalia, men bakteppet denne gongen var sveltetekatastrofen som ramma den somaliske sivilbefolkninga hardt. På den andre sida vart den politiske prosessen for å nå eit meir stabilt Somalia vurdert som meir lovnadsrik. Det er etablert eit vegkart for fred, den islamistiske opprørsgruppa har trekt seg ut av hovudstaden Mogadishu, og innsatsstyrken til Den afrikanske unionen (AU) i Somalia (AMISOM) har teke sterkare grep om situasjonen. I løpet av det siste året har FNs tryggingråd vedteke å styrkje AMISOM. Likevel står det att viktige utfordringar, mellom anna for å motverke den interne striden i det somaliske overgangsstyret (TFG). Deltakarane på høgnivåmøtet var gjennomgåande nøgde med framgangen både i den politiske prosessen og på det militære området. Medan afrikanske land var opptekne av å sikre nok ressursar til AMISOM, fokuserte vestlege land på at TFG måtte levere på den politiske sida. USAs utanriksminister åtvare om at oppmøtet ikkje ville bli like godt på neste års møte dersom ikkje TFG leverte.

Eit stabilt Somalia er nødvendig for å skape auka tryggleik og betre levekår for den somaliske befolkninga, motstandskraft mot tørke og andre naturgjevne utfordringar. Eit stabilt Somalia er samtidig ein nøkkel til å nedkjempe terrorisme og sjørøververksemd.

2.17 Høgnivåmøtet om sveltetekatastrofen på Afrikas Horn

Under ein konferanse om sveltetekatastrofen på Afrikas Horn annonserte statssekretær Espen Barth Eide eit ekstraordinært norsk bidrag på 300 millionar kroner til det internasjonale hjelpearbeidet. Sjølv om katastrofen djupast sett har årsaker som krev politiske svar, kan vi ikkje sjå på at tusen barn risikerer sveltetoden kvar einaste dag. I det norske innlegget vart det lagt vekt på humanitær tilgang og behovet for å leggje forholda til rette for at FN og frivillige organisasjonar kan vere til stades på bakken, og på behovet for betre koordine-

ring. Vegkartet for ei politisk løysing vart framheva som ein nøkkel til løysing, også på den humanitære krisa.

2.18 FNs 10-års minnemarkering av verdskonferansen mot rasisme (Durban)

Tiårsmarkeringa av verdskonferansen mot rasisme (Durban 1) i New York vart halden 22. september. Utanriksministeren deltok under opningssesjonen der generalsekretæren, presidenten for generalforsamlinga, høgkommissæren for menneskerettar, Sør-Afrikas president Zuma og dei regionale gruppene heldt opningsinnlegg. Statssekretær Espen Barth Eide heldt Noregs nasjonale innlegg under den påfølgjande rundebordssesjonen med fokus på ofra for rasisme.

Det norske innlegget la vekt på kor viktig kampen mot rasisme og diskriminering er, både globalt og nasjonalt. Noreg støtta både Durban I (2001), som resulterte i den første handlingsplanen mot rasisme, og tilsynskonferansen (Genève 2009) der Noreg spelte ei sentral rolle i forhandlingane om sluttdokumentet, i tillegg til den internasjonale rasismekonvensjonen (CERD). Noreg la vidare vekt på at det òg er viktig å kjempe mot diskriminering basert på religiøs tilknytning, nasjo-

nalitet, kjønn og seksuell orientering. Statssekretæren trekte fram 22. juli som eksempel på eit angrep på eit demokratisk samfunn og på verdiar baserte på likeverd, ikkje-diskriminering og grunnleggjande menneskerettar og fridomar. Vidare understreka han at den norske responsen var å møte dette med meir demokrati, større openheit og auka inkludering.

Det var knytt stor spenning til spørsmålet om den framforhandla politiske erklæringa til minnemarkeringa ville verte vedteken ved konsensus eller votering under avsluttingssesjonen på arrangementet, sidan fleire vestlege land hadde teke avstand frå prosessen som har vore prega av sterk polarisering grunna spørsmål knytte til konflikten i Midtausten. Landa som hadde forlate Durbanprosessen, deltok likevel ikkje under møtet og kravde ikkje votering. Erklæringa vart vedteken ved konsensus allereie under opningssesjonen etter forslag frå president Zuma.

Okkupasjonen av Det palestinske området og slavehandelen vart nemnde av ei rekkje delegasjonar frå den arabiske og afrikanske verda. Samtidig vart nye former for diskriminering på grunnlag av kjønn og seksuell orientering nemnde av ei rekkje vestlege og latinamerikanske land. Av europeiske land deltok Finland, Belgia, Irland, Luxemburg, Slovenia, Portugal, Spania og Ungarn på ministernivå i tillegg til Noreg.

3 Saker i plenum

3.1 Innleiing

Alle spørsmål som vert behandla i dei seks faste komiteane, endar til slutt i plenum. Det er sjeldan at eit vedtak som vert fatta i komiteane, vert endra i plenum. Under den 65. sesjonen i Generalforsamlinga skjedde dette i behandlinga av resolusjonen om vilkårlege avrettingar. Under 66. sesjon følgde derimot plenum vedtaka i komiteane.

Enkelte spørsmål er ikkje forankra i nokre av komiteane og går direkte til plenum. Dette gjeld først og fremst samarbeidet FN har med internasjonale og regionale organisasjonar, og spørsmål knytte til Midtausten.

3.2 Generaldebatten

Generaldebatten gjev høve for medlemslanda til å presentere prioriteringane sine og kommentere aktuelle saker. I år var det Midtausten og spørsmålet om medlemskap i FN for Palestina som gjekk att, og mange helste Sør-Sudan velkomen som ny medlem av FN. Økonomiske spørsmål, utvikling, miljø og klima var òg tema mange land tok opp i innlegga sine. Det er ein innarbeidd tradisjon at generaldebatten vert innleidd av FN's generalsekretær, etterfølgd av presidentane i Brasil og USA.

Innlegget til generalsekretær Ban Ki-moon kom inn på fleire aktuelle spørsmål, slik som klima, konfliktforebygging, forebygging av naturkatastrofar, global tryggleik og behovet for å støtte opp om dei pågåande politiske endringane i fleire land. Han karakteriserte utviklinga i Midtausten og Nord-Afrika som håpefull, men viste til behovet for konsolidering. Han stadfesta målet om å avskaffe kjernevåpen og understreka kor viktig det er at kvinner og ungdom vert trekte langt meir aktivt med i politiske prosessar. Ban var oppteken av at FN får dei nødvendige ressursane til å utføre oppgåvene sine, men erkjende at det òg kan sparast inn midlar gjennom måten verdsorganisasjonen arbeider på. Vi må gjere meir med mindre ressursar, var budskapet hans.

Brasils president Dilma Rousseff gjorde eit poeng av at generaldebatten for første gang vart opna av ei kvinne. Ho var overtydd om at dette hundreåret tilhøyrte kvinner. Ein annan viktig budskap frå den brasilianske presidenten var behovet for djuptgripande reformer av det globale økonomiske samarbeidet. President Obama framheva rolla FN spelar i å sikre freden i ei ufullkommen verd, og la vekt på at utviklinga i Midtausten, Nord-Afrika og Elfenbeinskysten gav grunnlag for håp. Han var krass i kritikken av overgrep i land som Iran og Syria. Obama stadfesta målsetjinga om å få oppretta ein palestinsk stat gjennom forhandlingar. Han åtvara sterkt mot snarveggar og viste til at konflikten mellom Palestina og Israel ikkje ville la seg løyse gjennom ein resolusjon om medlemskap. Obama framheva respekten for grunnleggjande rettar som yringsfridom og religionsfridom og understreka at desse rettane òg måtte omfatte seksuell orientering.

Statssekretær Eide heldt det norske innlegget, som hadde særskilt fokus på Palestina-spørsmålet, den arabiske våren, klima, likestilling og FN's tusenårsmål. Frå norsk side vart det beklaga at nokre medlemsland misbrukte generaldebatten til ekstreme ytringar. Bakteppet her var talen til Irans president, som hadde ein klar front mot USA og stilte spørsmål omkring kven som stod bak terroranslaget 11. september 2001.

Det er likevel openbert at dei to store spørsmåla som prega generaldebatten i år, var Palestina og omveltingane i den arabiske verda. Når det gjaldt Palestina-spørsmålet, var det brei oppslutning om ei tostatsløsning, men ulike syn på godkjenning av ein palestinsk stat og timeplanen for ein forhandlingsprosess. Dette toppa seg i innlegga til president Abbas og statsminister Netanyahu. Medan begge talte varmt for fred, var budskapane svært ulike. Abbas reflekterte ein djuptfølt frustrasjon over den israelske okkupasjons- og busetjingspolitikken og annonserte den palestinske søknaden om full FN-medlemskap. Abbas såg ingen motsetning mellom statsdanning og forhandlingar med Israel. Det gjorde derimot Netanyahu og avviste at FN-resolusjonar kunne endre situasjonen på bakken. Han gjentok kravet om

tryggleik som føresetnad for fred og oppretting av ein palestinsk stat.

I tillegg til Midtausten var klima og miljø ein gjengangar i mange innlegg. Fleire land frå Latin-Amerika var opptekne av å styrkje det internasjonale økonomiske samarbeidet for å hindre nye finanskriser. Reform av FNs tryggingråd vart òg kommentert av fleire land, men her var haldningane motstridande, slik at dei gjekk på tvers av dei regionale grupperingane. Sjølv om fleire utviklingsland etterlyste auka bistand og betre tilgang til marknaden i nord, kan det ikkje seiast at debatten var prega av motsetnad mellom nord og sør. Likevel vart det uttrykt frustrasjon over den finansielle arkitekturen vi har i dag. Med unntak av nokre få innlegg var generaldebatten i år lite polarisert, og det var få innlegg med retoriske angrep på andre land. Likevel kunne ein ikkje unngå enkelte bilaterale replikkutvekslingar, noko som følgjer av at generaldebatten fungerer som eit globalt forum.

3.3 Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Dei norske interessene knyter seg på det overordna planet til retten til og behovet for berekraftig ressursutnytting, kamp mot ulovlig, uregulert eller urapportert fiske samt bevaring av naturmangfoldet, og meir spesielt m.a. til kamp mot grenseoverskridande kriminalitet i fiskerisektoren og spørsmål som gjeld botnfiske.

Under forhandlingane om fiskeriresolusjonane i år var kampen mot grenseoverskridande kriminalitet innanfor fiskerisektoren eit sentralt tema for Noreg. Noreg fremja eit forslag om å ta inn ein referanse til ein rapport som er utarbeidd av UNODC om grenseoverskridande kriminalitet. Forslaget fekk ei lunken mottaking. USA og EU uttrykte skepsis, medan enkelte søramerikanske land avviste forslaget. Først etter sterk mobilisering frå norsk side fekk Noreg gjennomslag for forslaget.

I forhandlingane vart det òg gjort ei evaluering av korleis punkta om botnfiske var gjennomførte. I tråd med norsk prioritering fokuserer dei nye punkta om botnfiske som vart vedtekne, på konkret gjennomføring. Det amerikanske forslaget om å redusere bifangsten av sjøpattedyr vart vedteke, men i ei moderert form som er akseptabel for Noreg.

Ei viktig sak for Noreg under behandlinga av havrettsresolusjonen i år var å sikre auka ressursar til FNs havrettskontor (DOALOS), slik at kontoret kan halde fram med å støtte effektivt opp om det viktige arbeidet som vert gjort i Kontinentalsokkelkommissjonen i New York. Avgrensing av kontinentalsokkelen for statar der denne strekkjer seg utover 200 nautiske mil, er eit viktig satsingsområde for Noreg. Ei avklaring av dei ytre grensene for sokkelen er viktig for å få ein klar folkerett, men kan òg ha store positive konsekvensar for utviklinga til ein stat. Difor er det gledeleg at Generalforsamlinga samla seg om eit vedtak som sikrar tilstrekkelege ressursar til FNs havrettskontor.

Ei viktig defensiv sak for Noreg i forhandlingane om havrettsresolusjonen var å unngå tekst om kvalfangst i resolusjonen. Monaco hadde føreslått tekst både i fortalen og i den operative delen som innebar ei oppfordring til å ikkje fange kval på ope hav. På bakgrunn av at kvalspørsmål vert behandla i Den internasjonale kvalfangstkommissjonen (IWC), og på grunn av den tradisjonelle norske politikken om berekraftig forvaltning av naturressursane, kunne Noreg ikkje støtte dette forslaget. Noreg, Russland, Japan og Island arbeidde aktivt mot forslaget frå Monaco. Forslaget fekk støtte frå mange land, og mykje tyda på at eit noko moderert forslag ville verte vedteke. Etter press frå alliansen av motstandarar vart teksten om kval til sjuande og sist ikkje teken inn i resolusjonen.

Kapittelet i havrettsresolusjonen om naturmangfald utanfor nasjonal jurisdiksjon fekk relativt stor merksemd under forhandlingane. Diskusjonane omhandla korleis Generalforsamlinga skulle spegle tilrådingar frå arbeidsgruppa om naturmangfald utanfor nasjonal jurisdiksjon, dvs. ei tilvising til eller gjentakning av tilrådingane. Arbeidsgruppa hadde tilrådd at det vart sett i gang ein prosess for å sikre at det juridiske rammeverket for vern og bruk av marint naturmangfald utanfor nasjonal jurisdiksjon effektivt tek opp problemstillingar som gjeld marine genetiske ressursar, områdebasert forvaltning (mellom anna marine verneområde), konsekvensutgreiingar, kapasitetsbygging og teknologioverføring. Det er knytt relativt stor usemje til utfallet av denne prosessen, og dette var bakgrunnen for at dette meir tekniske spørsmålet fekk så stor plass i diskusjonane. Noreg var fleksibel med omsyn til korleis tilrådingane skulle speglast i resolusjonen. Generalforsamlinga kom til slutt fram til ei kompromissløyting for spegling av tilrådingane.

3.4 Dei internasjonale domstolane

Den internasjonale domstolen i Haag (ICJ) er eit av hovudorgana i FN og gjev ein årleg rapport til Generalforsamlinga om verksemda si. Presidenten for domstolen, Hisashi Owada, understreka det høge aktivitetsnivået i domstolen, noko som stadfestar at domstolen er relevant og viktig for fredeleg løysing av tvistar mellom statar i ei globalisert verd. Det er likevel eit potensial for ytterlegare styrking av denne rolla, sidan fleire land på generelt grunnlag bør akseptere at domstolen har kompetanse til å avgjere dei folkerettslege tvistane deira. Owada viste til at domstolen hadde avsagt tre dommar og tre rettsavgjerder sidan førre generalforsamlinga. Han gjorde òg greie for at domstolen har gjennomgått rutinar og prosedyrar for å kunne behandle innkomande saker meir effektivt.

I den etterfølgjande debatten uttrykte statar brei støtte til domstolen og roste arbeidet han gjer. Statar uttalte at domstolen har sterk legitimitet i kraft av å vere det prinsipale rettsorganet i FN. Domstolen fekk ros for å ha teke tak i ettersepet av saker som har hefta ved domstolen dei seinare åra.

Støtta til den internasjonale straffedomstolen (ICC) aukar stadig, og vedtektene har no 119 statspartar. Presidenten for domstolen, Sang-Hyun Song, la fram rapporten frå domstolen og nemnde kort at sju saker er under etterforsking. Han understreka verdien av det felles målet domstolen og FN har med omsyn til førebygging og straffefølgjing av alvorlege internasjonale brotsverk. Vidare peikte han på at domstolen får stadig meir arbeid, også gjennom at Tryggingrådet sender saker til domstolen, at ressursane ikkje er tilstrekkelege, og at ressursituasjonen på lang sikt kan verte uholdbar.

I den etterfølgjande debatten viste mange land til at ei lang rekkje land har slutta seg til Roma-vedtektene, og dette talet aukar stadig. Dette indikerer at domstolen har universell tyngde. Vidare var det brei semje om at domstolen utgjer eit viktig bidrag i kampen mot straffridom. I tillegg til å gje full støtte til det arbeidet domstolen gjer, understreka m.a. dei nordiske landa at domstolen er avhengig av samarbeid frå alle land for at personar som er mistenkte for alvorlege brotsverk, vert stilt til ansvar. Dei nordiske landa gjekk inn for å auke ressursane til domstolen i lys av den aukande arbeidsmengda.

Presidenten for den internasjonale straffedomstolen for Rwanda (ICTR) uttrykte at domstolen er i sluttfasen av mange av sakene han har til

behandling, men at det trengst vidare internasjonal assistanse for å hindre straffridom for mistenkte som framleis er på frifot. Noreg uttrykte støtte til at mistenkte som ev. vert pågripne, må straffefølgjast. Presidenten for den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) framheva suksessen ved at òg dei to høgt profilerte mistenkte krigsforbrytarane Ratko Mladic og Goran Hadžić no sit i arrest ved domstolen. Noreg roste arbeidet domstolane gjer, og særleg innsatsen til serbiske styresmakter som førte til at Mladic og Hadžić vart pågripne.

Noreg uttrykte òg uro over rapportar om at begge domstolane mister erfarne tilsette, då dette kan undergrave avsluttingsstrategiane til dei midlertidige domstolane. Vidare ønskte Noreg velkomen at det var oppretta ein slutføringsmekanisme for å slutføre domstolanes arbeid som eit viktig ledd i kampen mot straffridom.

3.5 Midtausten

Midtausten-spørsmålet i brei forstand prega mykje av generaldebatten og arbeidet i dei faste komiteane. Det var i tillegg ein eigen debatt seinare på hausten om palestinsk status i FN, der Noreg peikte på at palestinske styresmakter har utvikla dei nødvendige institusjonane for ei berekraftig statsdanning. Noreg uttrykte vidare uro over at det framleis er israelske busetjingar på okkuperte område, og at det er ein trussel mot ei tostatsløysing når Israel held tilbake palestinske skatteinntekter. Noreg understreka igjen støtte til kvartetten og ei forhandla løysing.

Spørsmålet om palestinsk medlemskap i FN låg i Tryggingrådet, der det vart klart at søknaden ikkje ville få dei nødvendige ni ja-stemmene. Dermed vart heller ikkje spørsmålet om eit amerikansk veto aktualisert denne gongen. Det vart arbeidd uformelt med ulike utkast til ein mogeleg resolusjon i FN's generalforsamling som m.a. skulle gå ut på å styrkje Palestinas status i FN frå observatør til observatørstat, men Palestina valde å ikkje gå vidare med desse planane i denne omgangen. Parallelt gjekk det føre seg ein prosess i FN's særorganisasjon UNESCO, der Palestina har søkt om full medlemskap ved kvar generalkonferanse sidan 1989. Denne gongen vart spørsmålet realitetsdrøfta etter at styret i organisasjonen tilrådde for generalkonferansen at Palestina skulle takast opp som fullverdig medlem. Den 31. oktober vart spørsmålet om fullverdig palestinsk medlemskap i UNESCO avgjort. 107 land stemte ja, 52 var avståande, og 14 stemte nei. Det

var splitting i alle leirar: I Norden stemte tre land ja (blant dei Noreg), eitt avståande og eitt nei; i EU stemte elleve ja, elleve avståande og fem nei.

På same måte som tidlegare år fekk Generalforsamlinga lagt fram for seg ei pakke med faste resolusjonar om situasjonen i okkupert palestinsk område. Nokre av desse vart først behandla i 4. komité, medan andre gjekk direkte i plenum. Ingen av resolusjonane vart endra vesentleg frå føregåande år. Voteringsbiletet for desse resolusjonane vart difor nokså likt det vi har sett tidlegare år, med det unntaket at talet på ja-stemmer gjekk noko opp, medan eitt vestleg land, Canada, denne gongen valde å følge USA og Israel og stemme mot desse resolusjonane. Noreg stemte for dei fleste av resolusjonane, men avstod på eit par av resolusjonane som har eit for einsidig mandat.

Dei klaraste uttrykka for den arabiske våren kom fram gjennom resolusjonen som fordømde menneskerettsovergrep som syriske styresmakter har gjort mot si eiga befolkning. Denne resolusjonen samla stor oppslutning både i 3. komité og i plenum, og Noreg var blant pådrivarane for å få han vedteken. Noreg støtta òg opp om vedtaket for å gje dei nye overgangsstyresmaktene i Libya dei nødvendige akkreditiva til FN.

Under haustsesjonen av generalforsamlinga tok Saudi-Arabia initiativet til ein resolusjon der Iran vart beden om å samarbeide for å kome til botns i skuldingane om at Iran stod bak eit attentatforsøk mot Saudi-Arabias ambassadør i Washington. Trass i heftige iranske protestar vart denne resolusjonen vedteken med stort fleirtal. Ei lang rekkje arabiske land var støttespelarar til denne resolusjonen. På same måte som dei fleste av EU-landa teikna Noreg seg som medforslagsstillar.

3.6 Tryggingrådet rapport og reform

Generalforsamlinga behandla den årlege rapporten til Tryggingrådet. I den samanhangen helste enkelte velkomen den nye praksisen i Tryggingrådet, der leiaren for den politiske avdelinga (DPA) i FN-sekretariatet har halde regelmessige oppdateringar. Fleire av FN's medlemsland bad om større openheit om kva saker som vert tekne opp under desse møta. Enkelte land kritiserte bruken av veto i Rådet (USA for israelske busetjingar og Russland/Kina for Syria) og oppfordra Rådet til å bli meir transparent i arbeidsmetodane sine. Enkelte NAM-land, med Venezuela i spissen, kritiserte Tryggingrådet for å ta opp spørsmål

som dei meiner høyrer naturleg heime i Generalforsamlinga eller i ECOSOC. Bakgrunnen for dette var det opne møtet om kva verknader klimændringar kunne ha for internasjonal fred og tryggleik sommaren 2011.

I debatten om reform av Tryggingrådet vart det tydeleg at frontane i spørsmålet om utviding framleis er temmeleg fastlåste. Brasil, India, Tyskland og Japan (G4) gjorde eit poeng av at 80 land har støtta initiativa deira til å auke talet på faste medlemmer. Dei landa som set seg imot ei utviding (Uniting for Consensus, UFC), med Pakistan og Italia i spissen, peikte på at ei slik utviding aldri vil få kvalifisert fleirtal. Alle dei fem faste medlemslanda uttrykte liten vilje og lite engasjement for reformer, inkludert vetoretten.

Debatten viste at skiljelinjene framleis er fastlåste og går på tvers av etablerte regionale grupperingar. Få land er budde på å endre posisjonane sine. Eitt unntak er New Zealand, som tradisjonelt har lege tett opp til G4, men som no argumenterte for at tida er inne for å tenkje i nye baner.

Ei tredje gruppering som har markert seg i reformspørsmålet, er S5-kretsen (Sveits, Liechtenstein, Singapore, Jordan og Costa Rica) som ivrar for større openheit rundt arbeidsmetodane til Tryggingrådet. Noreg har i ulike samanhengar flagga posisjonar tett opp til denne gruppa.

I vestgruppa har det i 2011 funne stad konsultasjonar om innføring av ei rotasjonsordning blant medlemslanda i gruppa for å få sete i Tryggingrådet. Bakteppet har vore dei kostbare kampanjane medlemslanda i gruppa har måtta gjennomføre for å vinne plass i Rådet. Ein annan faktor har vore ønsket frå dei små landa, med San Marino i spissen, om å få høve til å sitje i Rådet. Konsultasjonane viste likevel stor avstand i posisjonar innanfor vestgruppa. Noreg og dei andre nordiske landa peikte på at artikkel 23 i FN-pakta gjev klare føringar for kva omsyn det skal leggjast vekt på når eit land stiller opp som kandidat til Tryggingrådet (bidra til internasjonal fred og tryggleik og gjennomføring av heile FN-pakta), og understreka at det ikkje var aktuelt å gå inn på ei rotasjonsordning som auka tidsintervallet mellom kvar gong eit av dei nordiske landa kunne sikte på å kome inn i Tryggingrådet. Dei nordiske landa foreslo derimot at det kunne utviklast ein åtferdskode om gjennomføring av etisk forsvarlege valkampar.

3.7 Val til Tryggingrådet

Valet av fem nye tryggingrådsmedlemmer kravde denne gongen i alt 17 valomgangar før alle dei fem

seta var fordelte. Først vart fire av fem land valde inn: Guatemala, Marokko, Togo og Pakistan, sistnemnde med eit nødsrik (trengte 129 stemmer for å få 2/3 fleirtal, fekk 129 stemmer). Kampen om det siste setet, i austgruppa, stod mellom Aserbajdsjan og Slovenia. Dette vart ikkje avgjort før nokre dagar seinare, og det var Aserbajdsjan som til slutt gjekk av med sigeren. Aserbajdsjan opparbeidde etter kvart eit solid forsprang på Slovenia (opp mot 30 stemmer) etter at Slovenia hadde leiinga under dei første valomgangane. Den fastlåste situasjonen vart først løyst då den slovenske utanriksministeren før 17. valomgang valde å trekkje kandidaturet og viste til den klare leiinga til Aserbajdsjan og til at dei «ikkje likte måten kampanjen og valet hadde gått føre seg på». Ein 17. og siste valomgang måtte likevel til for at Aserbajdsjan skulle oppnå det nødvendige fleirtalet på to tredelar. Aserbajdsjan fekk 155 stemmer i siste runde, 24 land valde å avstå, medan 13 land framleis stemte på Slovenia.

Det slovenske tapet stadfestar ein trend der EU-landa i austgruppa tapar terreng mot ikkje-EU-medlemene. Valresultatet i år kan samtidig gje eit EU-land som Finland ein liten fordel neste år. Valet viste òg at det krevst store ressursar for å vinne eit val i sterk konkurranse med andre land.

3.8 Humanitære spørsmål

Noreg spelte som vanleg ei sentral rolle då Generalforsamlinga behandla humanitære spørsmål. Statssekretær Gry Larsen heldt det norske innlegget og la særleg vekt på at klimaforandring og andre globale utfordringar vil krevje eit sterkare humanitært system, både finansielt og politisk, og dessutan stille større krav til førebygging. Statssekretæren understreka særleg verdien av at fleire land vart engasjerte i og bidrog til FN's humanitære arbeid. Dette reflekterte òg dei norske hovudprioriteringane som formann i gjevarlands-

gruppa (ODSG) for FN's humanitære kontor (OCHA) 2011–2012. Noreg fekk gjennomslag for ny omtale av samanhengen mellom klima og humanitære behov i resolusjonen frå Generalforsamlinga om humanitær koordinering (den såkalla omnibusresolusjonen) og markerte seg framleis som ein av dei største og viktigaste bidragsytarane til FN's nødhjelpsfond (CERF).

Vår aktive rolle som støttespelar gav òg Noreg stor innverknad på FN's eigne prioriteringar i inneverande år. Dette gav synlege resultat ved at FN no har intensivert arbeidet for nye partnerskap og dessutan betra samarbeidet mellom dei ulike organa i FN for å sikre meir effektiv bistand i felt. Strategisk arbeid frå norsk side i nært samarbeid med likesinna gjevarland, og ikkje minst FN's humanitære koordinator Valerie Amos, bidrog òg til at generalsekretær Ban Ki-moon identifiserte førebygging og humanitær bistand blant hovudprioriteringane for den andre perioden sin, som vart innleidd i januar 2012. Mellom anna har FN's generalsekretær no teke initiativ til verdas første toppmøte om humanitære spørsmål.

3.9 Handelsblokaden av Cuba

Den årlege resolusjonen om at USAs handelsblokade mot Cuba må opphøyre, fekk som venta enormt fleirtal. Resolusjonen vart vedteken med 186 ja-stemmer, 2 nei (USA og Israel) og 3 avståande (Marshalløyane, Mikronesia, Palau) – tilsvarende stemmemønsteret i tidlegare år. Blant vestlege land var det, i tillegg til USA (som alltid held stemmeforklaring før votering), berre EU som heldt stemmeforklaring. EU viste til fellesposisjonen frå 1996 og ønskte frigjevinga av dei 75 politiske fangane velkomen, men oppfordra kubanske styresmakter til å tiltre dei internasjonale konvensjonane for høvesvis politiske og økonomiske og sosiale rettar. Resten av dei mange stemmeforklaringane gav Cuba einidig støtte.

4 Arbeidet i dei seks faste komiteane

4.1 Internasjonal fred og tryggleik (1. komité)

1. komité i FNs generalforsamling arbeider med internasjonal fred og tryggleik, særleg nedrusting og ikkjepreiging. Komiteen dekkjer òg spørsmål knytte til regional stabilitet, mellom anna tillits-skapande tiltak. Komiteen realitetsdrøftar kvart år over 50 resolusjonar og vedtak, der mange er gjengangarar. Nokre resolusjonar, og då gjerne nye, får normalt langt meir politisk merksemd enn dei tradisjonelle som vert behandla kvart år.

Årets sesjon vart i stor grad prega av eit resolusjonsutkast om revitalisering av multilaterale kjernefysiske nedrustingsforhandlingar som Noreg, Austerrike og Mexico stod bak. Sjølv om resolusjonsutkastet til slutt vart trekt rett før realitetsbehandlinga, bidrog det til å setje tonen for årets sesjon. Bakgrunnen for framstøyten var frustrasjon over stillstanden i det regulære mellomstatlege forhandlingsmaskineriet og det faktum at Nedrustingskonferansen i Genève (CD) har vore handlingslamma i 15 år. Bodskapen i resolusjonsutkastet var kort forklart at dersom CD til neste år ikkje makta å kome ut av dvalen, måtte Generalforsamlinga vurdere andre løysingar, som å opprette forhandlingsgrupper som var opne for alle medlemslanda, for å arbeide med ulike sider ved kjernefysisk nedrusting og førebygging av våpenkapplau i det ytre rommet. Sjølv om mange land hadde sympati med framstøyten, vart det òg mobilisert sterk motstand frå dei etablerte kjernevåpenstatane og tonegjevande land innanfor den alliansefrie rørsle (NAM), slik som Cuba, Iran, Egypt og Algerie. På basis av fleire opne konsultasjonsrundar og ikkje minst mange bilaterale samtalar konkluderte Noreg, Austerrike og Mexico med at tida ikkje var inne for å be om ei avstemming over resolusjonen. Ei votering ville truleg ha ført til at mange sympatisk innstilte land hamna på å avstå frå å stemme. Å få vedteke resolusjonen med svært knapp margin, der teksten eventuelt òg var svekt gjennom endringar i komiteen, ville ha ikkje ha gagna saka. Dersom det heller ikkje kjem framgang i CD i løpet av 2012, vil det vere større vilje til å tenkje i

nye baner under den 67. sesjonen i FN-generalforsamlinga.

Debatten om FNs nedrustingsapparat vart ikkje berre knytt til atomvåpen. Noreg var blant dei landa som etterlyste reform av arbeidsmetodane til både 1. komité og nedrustingskommisjonen (UNDC). Denne kommisjonen er meint å vere eit forum for medlemslanda der dei kan drøfte breie nedrustingspolitiske spørsmål og kome med tilrådingar. Heller ikkje UNDC har produsert noko nyttig på meir enn ti år, men her òg merkjer ein at mange land er skeptiske mot djuptgripande reformer.

Medan det etablerte nedrustingsmaskineriet har slite i bratt motbakke dei seinare åra, er det oppnådd viktige resultat innanfor humanitær nedrusting. Både minekonvensjonen og klasevåpenkonvensjonen er framforhandla utanfor FN etter at konvensjonen om inhumane våpen (CCW) ikkje makta å etablere forbod mot våpen som fører til uakseptable humanitære lidningar. Dei seinare åra har land utanfor klasevåpenkonvensjonen gjort eit forsøk på å få framforhandla ein protokoll om klasevåpen innanfor CCW som ville ha vore langt svakare enn sjølve klasevåpenkonvensjonen, og som i praksis ville ha undergrave han. Under årets sesjon av 1. komité var Noreg blant dei landa som tydeleg tok avstand frå ein slik protokoll og fekk hindra at den årlege CCW-resolusjonen uttalte seg positivt om arbeidet med protokollen. Arbeidet i 1. komité var difor viktig for at arbeidet for å få i stand eit alternativt og svakare instrument til klasevåpenkonvensjonen vart endeleg skrinlagt under den tredje CCW-tilsynskonferansen i november 2011.

Årets sesjon av 1. komité stadfesta vidare at det framleis rår ulike syn på korleis ein betre kan få regulert internasjonal våpenhandel og få bukt med ulovleg omsetjing av handvåpen. Det var vanskeleg å verte samde om den generelle resolusjonen om handvåpen og føringane som skal leggjast for tilsynskonferansen for FNs handlingsprogram for kamp mot ulovleg omsetning av handvåpen (PoA). Noreg, Mexico, fleire EU-land og New Zealand ivra for at denne tilsynskonferansen skulle kunne vurdere om sjølve handlingspro-

grammet skulle styrkjast ytterlegare, medan andre land (m.a. Iran og Syria) argumenterte for det motsette. Sesjonen synte òg at Iran og fleire arabiske land framleis er djupt skeptiske til å få framforhandla ein internasjonal avtale om våpenhandel (ATT) til sommaren. Sjølv om eit klart fleirtal av medlemslanda uttrykte eit sterkt håp om å få på plass ein robust ATT-avtale, krevst det konsensus for å få ein slik avtale vedteken på diplomatkonferansen i juli 2012.

På same måten som tidlegare år vart det vedteke ei rekkje resolusjonar om atomvåpennedrusting. Resolusjonane til Japan og Ny agenda-koalisjonen (NAC, som er samansett av Sverige, Irland, New Zealand, Mexico, Egypt, Brasil og Sør-Afrika) fekk stor oppslutning. Begge resolusjonane tek på eit breitt grunnlag til orde for ei verd fri for kjernevåpen. Den japanske resolusjonen legg større vekt på ikkjepreierungsforpliktingane, medan NAC-resolusjonen er spissare på nedrustingsbodskapen, sjølv om han ikkje går lenger enn å gje att nedrustingsforpliktingane som vart samrøystes vedtekne på NPT-tilsynskonferansen i 2010. Kjernevåpenstatane fann likevel at han var ubalansert, og dei fleste av dei stemte mot.

Noreg støtta aktivt opp om desse to resolusjonane, men avstod på den tradisjonelle Malaysia-resolusjonen om at det snarast bør framforhandlast ein konvensjon mot kjernevåpen på nedrustingskonferansen i Genève (CD). Noreg støttar aktivt opp om arbeidet om å få avskaffa atomvåpen, men er djupt skeptisk til at CD vil kunne bringe dette arbeidet vidare. Frå norsk side vart vidare dei alvorlige humanitære konsekvensane av atomvåpen understreka, saman med verdien av å trekkje lærdom av erfaringane frå humanitær nedrusting òg på det kjernefysiske området. Noreg støtta vidare aktivt opp om resolusjonar for at prøvestansavtalen endeleg skal tre i kraft, og at det internasjonale samfunnet snarleg skal innleie forhandlingar om ein internasjonal avtale som forbyr framstilling av spaltbart materiale for våpenføremål (FMCT).

Noreg valde å stemme mot det iranske resolusjonsutkastet om kjernefysisk nedrusting. Føremålet med resolusjonen er å avleie merksemda frå dei omstridde iranske kjernefysiske aktivitetane. Nettopp uroa omkring Nord-Korea og Iran og uavklarte spørsmål rundt Syrias tidlegare kjernefysiske aktivitetar prega mykje av debatten om atomvåpen og førte til fleire rundar med hissige replikkutvekslingar. På same måte som andre vestlege land hadde Noreg ein tydeleg bodskap overfor desse tre landa.

Eit positivt aspekt ved sesjonen i år var den breie oppslutninga om regionale kjernevåpenfrier soner. I motsetning til tidlegare år vart resolusjonen om sonen for Sørøst-Asia (Bangkok-traktaten) vedteken utan votering. Det var òg brei oppslutning om målet om ein tilsvarande sone for Midtausten, og fleire helste velkomen at Finland har påteke seg oppgåva med å leggje forholda til rette for ein internasjonal Midtausten-konferanse i 2012 (i samsvar med sluttdokumentet frå NPT-tilsynskonferansen i 2010). Noreg støttar FN-sekretariatet i førebuingane til ein slik konferanse, og Noregs Wien-ambassadør leidde IAEA-symposiet om det same temaet i november 2011.

4.2 Økonomiske og sosiale spørsmål (2. komité)

2. komité behandlar eit stort spekter av saker innanfor sosiale og økonomiske spørsmål. Viktige tema står på dagsordenen, men det er ei utfordring å få ein god dynamikk i forhandlingane. FN er ikkje hovudarena for behandling av makroøkonomiske spørsmål og finanspolitikk. FN er snarare ein global arena der overordna syn på økonomiske og sosiale spørsmål vert drøfta, men utan at det vert teke konkrete avgjerder som påverkar verdsøkonomien.

Dessverre er det dei mest steile og i denne samanhengen mest konservative G77-delegasjonene som legg premissa for arbeidet. Det gjev lite handlingsrom for å bringe inn ny tematikk og gjer arbeidet i komiteen føreseieleg og lite relevant. Forsøk frå Noreg og andre på å bringe meir innovativ og moderne makroøkonomisk tenking inn i forhandlingane vann ikkje fram. Då Noreg i forhandlingane om resolusjonen om finansiering for utvikling ikkje fekk gjennomslag for forslaget om å vise til arbeidet som finn stad i mange land om innføring av avgift på finanstransaksjonar til inntekt for utvikling, var dette bakgrunnen, underbygd av ei steil haldning frå nokre vestlege land.

I 2. komité vert oppgåva til dei vestlege landa ofte å avgrense skadeverknadene av forslaga frå G77, som står bak dei aller fleste resolusjonane. Eit nytt resolusjonsforslag om mellominntektsland vart fremja med det føremålet å sikre at også slike land skal behalde bidrag frå FN. Bakgrunnen for forslaget er at nokre mellominntektsland er redde for at dei skal miste støtta frå FN når BNP-et deira per innbyggjar overstig ei viss grense. Resolusjonen enda ikkje opp i votering, men forhandlingane var interessante fordi dei viste teikn til ny dynamikk i G77 der mellominn-

tektsland hevda eigne interesser, noko som gjekk ut over dei minst utvikla landa.

Noreg heldt nasjonale innlegg i generaldebatten i komiteen og under debattane om berekraftig utvikling, innovativ finansiering og UN-HABITAT. Noreg heldt innlegg på vegner av dei nordiske landa om finansiering for utvikling og var tilslutta nordiske innlegg om utviklingsaktivitetane i FN (DK), dei minst utvikla landa (SF) og kampen mot fattigdom (I). Komiteen vedtok 47 resolusjonar. Noreg var medforslagsstillar for fire resolusjonar. I innlegg og i forhandlingane la Noreg særleg vekt på innovativ finansiering, nasjonal skattlegging, nasjonal fordelingspolitikk, ulovleg kapitalflyt, energi for alle, berekraftig utvikling og Rio+20-konferansen, grøn økonomi, mødre- og barnehelse, HIV/AIDS og kvinnerettar. Noreg bidrog òg til at angrep på omtalen av den reproduktive helsa til kvinner ikkje nådde fram.

Alle komiteane i FN skal sjå på arbeidsmetodane sine. Trass i det akutte behovet for modernisering og effektivisering av arbeidet i 2. komité var det i denne sesjonen ikkje sett av tid til komitéreform. Arbeidet i 2. komité neste år vil verte viktigare for Noreg fordi det skal forhandlast om den fireårige rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN, og fordi neste sesjon følgjer etter Rio+20-konferansen.

4.3 Menneskerettar (3. komité)

3. komité i Generalforsamlinga behandlar menneskerettsspørsmål i tillegg til sosiale, humanitære og kulturelle spørsmål. Komiteen realitetsdrøfta i 2011 over 70 resolusjonar, der majoriteten omhandla dagsordenspunktet om menneskerettsspørsmål. Det var lange forhandlingar og voteringar i komiteen om ei rekkje av resolusjonane. Komiteen vier òg kvart år tid til å høyre innlegg og presentasjonar om ei rekkje tema frå spesialrapportørar, uavhengige ekspertar og leiarar for arbeidsgruppene i Menneskerettsrådet. Noreg deltok aktivt i desse interaktive dialogane og heldt, i tillegg til hovudinnlegget om menneskerettar, òg innlegg under dei tematiske debattane i komiteen om m.a. barns rettar, kvinner og likestilling, rettane til funksjonshemma, rettane til urfolk og flykningar og internt fordrivne.

Den overordna prioriteringa for Noreg under årets sesjon var arbeidet med å leie forhandlingane om dei to resolusjonane om menneskerettforsvararar og internt fordrivne. I tillegg arbeidde Noreg for auka oppslutning om landresolusjonane om Iran, Myanmar og Nord-Korea, og ikkje minst

den nye resolusjonen om Syria. Noreg var òg ein aktiv støttespelar til den danske resolusjonen om kampen mot tortur, den mexicanske resolusjonen om vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme og relevante kvinne- og likestillingsrelaterte resolusjonar, mellom anna den nordiske CEDAW-resolusjonen. Noreg deltok òg i forhandlingane om resolusjonar knytte til barns rettar, religion / religiøs intoleranse, ytringsfridom og rasisme. Noreg sørgde for å gjere det klart at seksuell og reproduktiv helse og rettane på dette området må fremjast på ein føremålstenleg og konstruktiv måte.

Sesjonen i 3. komité i år bar sterkt preg av den arabiske våren og pågåande folkelege protestar verda over. Sesjonen var i tillegg kjenneteikna av ei rekkje nye omfattande initiativ, som Thailands resolusjon om koordinering av FN-mekanismane for vern av barn, USAs resolusjonar om val og politisk deltaking for kvinner, OICs og EUs to forskjellige resolusjonar om religiøs intoleranse og ikkje minst resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Syria.

Spørsmålet om det ville late seg gjere å framforhandle ein Syria-resolusjon var eit overhengande spørsmål gjennom heile sesjonen. Det vart til slutt mogeleg gjennom at Den arabiske liga endra haldning, og at ein kritisk masse av arabiske land bestemte seg for å ta del i utforminga av resolusjonen og stille som medforslagsstillarar.

Forhandlingsklimaet i 3. komité hadde hardare frontar enn nokon gong før – dette skuldast ikkje minst at komiteen og resolusjonane spegla den arabiske våren. Det var særleg sterk motstand mot forsøk på å få inn referansar til politiske overgangsprosessar og tilgangen til fredelege protestar i resolusjonstekstar, noko som fekk konsekvensar for arbeidet med den norske resolusjonen om menneskerettssforkjemparar.

Den norskeleide resolusjonen om menneskerettssforkjemparar seglde opp til å bli ein av dei mest politiske resolusjonane komiteen behandla, m.a. på grunn av referansen til fredelege protestar og indirekte referansar til den arabiske våren. Noreg som tilretteleggjar arbeidde for ein robust tekst samtidig som vi ønskte å oppnå konsensus, og fann til slutt ein kompromisstekst som inneheldt viktige referansar til fredelege protestar og bruk av informasjonsteknologi for menneskerettssforkjemparar.

Noreg leidde òg forhandlingane om vern av og respekt for menneskerettane til internt fordrivne personar. Denne resolusjonen vert behandla annakvart år. Hausten 2011 hadde vi to konkrete målsetjingar for vidareutvikling av handlinga av

dette viktige spørsmålet i Generalforsamlinga. Vi ønskte eksplisitt omtale av samanhengen mellom klimaendringar, miljøødeleggingar og internt fordrivne, i tillegg til styrkt omtale av det einaste eksisterande mellomstatlege instrumentet for vern av internt fordrivne, Den afrikanske unionens konvensjon om dette spørsmålet. Etter intense forhandlingar fekk vi gjennomslag for begge desse posisjonane i ein resolusjon som vart vedteken med konsensus. Slik bidrog resolusjonen i år i FN's generalforsamling til å bringe denne saka, som Noreg ser på som svært viktig, vesentlege skritt framover.

Blant dei mange resolusjonane om kvinner og likestilling i Generalforsamlinga valde Noreg denne gongen spesielt å prioritere revitaliseringa av ein resolusjon om politisk deltaking for kvinner, med særleg fokus på land i politisk omveltning. Resolusjonen var motivert av hendingane i Midtausten og Nord-Afrika. Resolusjonen i år var den første Generalforsamlinga behandla på dette området sidan 2003. Denne resolusjonen har ein sterk tekst om CEDAW og eksplisitt omtale av dei politiske rettane til kvinner, og han vil difor verte eit sentralt instrument når vi no skal bidra til at likestilling og kvinners rettar blir respekterte i dei mange landa som gjennomgår politiske omveltningar. Såleis gjev dei resultatata vi oppnådde under Generalforsamlinga i år, direkte bidrag til innsatsen for kvinner, fred og tryggleik også på landnivå.

4.4 Politiske spørsmål (4. komité)

4. komité vart tidlegare kalla spesialkomiteen for politiske spørsmål og arbeider med ei rekkje til dels svært ulike saker. Noreg har tradisjonelt fokusert innsatsen på fredsbevarande operasjonar og Midtausten-relaterte spørsmål. 4. komité behandlar i tillegg spørsmål om fredeleg bruk av det ytre rommet og kommunikasjonsteknologi, der det vert vedteke konsensusresolusjonar.

Behandlinga av FN's fredsbevarande operasjonar kan langt på veg føreseiast, ettersom den reelle debatten om desse spørsmåla finn stad i spesialkomiteen for fredsbevarande operasjonar eit halvt år i førevegen. Debatten i 4. komité vart prega av spørsmålet om refusjonssatsen for personell og utstyr i FN-operasjonar. Desse satsane har ikkje blitt auka på ti år, og mange utviklingsland som stiller militære troppar til rådvelde for FN-teneste, har uttrykt veksande frustrasjon over dette. Utviklingslanda dominerer blant dei største militære bidragsytarane til operasjonane. Sam-

tidig er det vestlege land som betaler den største delen av operasjonskostnadene. Spørsmålet om storleiken på refusjonssatsane har difor vorte eit nord-sør-spørsmål. Fleire vestlege land hevdar at det ikkje er objektivt grunnlag for å auke satsane. Den økonomiske krisa i mange vestlege land har forsterka den negative haldninga til å auke refusjonssatsane ytterlegare. Vårens sesjon i spesialkomiteen for fredsbevarande operasjonar vart langt på veg handlingslamma på grunn av spørsmålet om refusjonssatsar. Først sju veker etter at sesjonen formelt var avslutta, lukkast det å verte samde om komitérapporten. Grunnen til dette var at utviklingslanda motsette seg tekst om spørsmål vestlege land var opptekne av, i eit forsøk på å få det dei oppfatta som tilfredsstillande formuleringar om refusjonssatsen. Den vidareførde sesjonen av 5. komité i vår, som skulle vedta budsjetta for dei enkelte fredsbevarande operasjonane, var òg nær full polarisering omkring refusjonssatsane. Løysinga vart ei minneleg ordning med utbetaling av eit eingongsbeløp. I tillegg vart det vedteke å opprette ei rådgjevingsgruppe som skal leggje fram forslag til vidare handtering av spørsmålet om storleiken på refusjonssatsane.

Debatten i 4. komité viste elles semje om fleire sentrale spørsmål, slik som behovet for å leggje større vekt på verdien av konfliktførebyggjande tiltak og av å styrkje samanhengen mellom fredsbevaring og fredsbygging. Mange land frå sør framheva at det var avgjerande at operasjonane ikkje går ut over mandata sine. Sett frå norsk side var det positivt at fleire land tok opp behovet for å styrkje kjønnspektivet i den fredsoperative verksemda til FN. Noreg heldt eit innlegg på vegner av dei nordiske landa, som la vekt på tryggleik for FN-personell i felt, vern av sivile, nulltoleranse for seksuelle overgrep utførte av personell i FN-teneste, likestilling og behovet for å vidareføre arbeidet med reform av FN's fredsbevarande operasjonar.

FN's hjelpeorganisasjon for palestinske flyktingar (UNRWA) er eit av hovudspørsmåla 4. komité har til behandling. Den finansielle situasjonen for UNRWA er framleis kritisk, og organisasjonen har gjennomført viktige reformer for å få ned kostnadene samtidig som det vert gjort målretta forsøk på å utvide kretsen av gjevjarland. Det er ønskjeleg å få inn utradisjonelle gjevjarar, slik som arabiske land og BRICS-gruppa. I tillegg har det òg vorte arbeidd med å få dekt inn ein større del av UNRWA-budsjettet over det regulære FN-budsjettet. Dette er vanskeleg så lenge det regulære budsjettet er under sterkt press, og det er difor positivt at 5. komité til slutt vedtok å auke

finansieringa av det internasjonale personellet i UNRWA over FN-budsjettet.

Som forventa vart debatten i 4. komité i stor grad fokusert på den vanskelege økonomiske situasjonen i UNRWA. Leiaren for UNRWA, generalkommissær Filippo Grandi, understreka særleg behovet for å utvide gjevvarbasen og oppfordra særleg ikkje-tradisjonelle gjevvarar og arabiske land til å bidra meir til det regulære budsjettet til organisasjonen. Grandi forventa òg at medlemslanda i FN ville støtte forslaget frå generalsekretæren om auka finansiering til UNRWA over det regulære FN-budsjettet når forslaget skulle behandlast i 5. komité nokre veker seinare. Noreg understreka at det er nødvendig å sjå samanhenget mellom innsatsen til UNRWA og palestinsk statsbygging, innanfor ramma av UNRWA-mandatet. Noreg oppfordra òg UNRWA til å tenkje innovativt kring betre ressursbruk, ikkje minst betre utnytting av potensialet som finst i palestinske flyktningleirar. Noreg er i tillegg rapportør for komiteen som utarbeider den årlege rapporten frå arbeidsgruppa for finansiering til UNRWA. Trass i at dei fleste medlemslanda verbalt deler det norske standpunktet, er det framleis lang veg til å sikre UNRWA ei berekraftig og føreseieleg finansiering.

4. komité behandla òg ni resolusjonar som omhandlar ulike sider ved Palestina-spørsmålet, der det berre er små endringar i teksten frå år til år. Tradisjonelt har Noreg og EU stemt for alle desse resolusjonane med eitt unntak: resolusjonen om spesialkomiteen som overvaker israelske menneskerettsbrot mot palestinarar. Dette dreier seg om ein ad hoc-komité der Israel ikkje deltek, og som difor har minimal påverknad på det som skjer på bakken. Noreg er kritisk til slike ad hoc-komitear. Noreg støtta dei andre Palestina-resolusjonane, og desse resolusjonane vart igjen gjennomgåande vedtekne mot israelske og amerikanske stemmer, slik tilfellet har vore tidlegare år. Det nye i år var at Canada, som tradisjonelt har stemt for eller avstått på dei fleste av desse resolusjonane, denne gongen valde å følgje USA og Israel. I dei andre faste komiteane såg vi òg at Canada i år skjerpa haldninga si når det gjaldt Midtausten-resolusjonar.

4.5 FN-budsjettet (5. komité)

Arbeidet i 5. komité var prega av økonomiske krisetider og innleiinga til amerikansk valkamp: Budsjettkutt og til dels reform var høgt prioritert av tonegejvande vestlege land i forhandlingane om

FNs toårige budsjett, som til slutt vart vedteke på julaftan. FN-reform – «valuta for pengane» – ser ut til å vere eit viktig amerikansk poeng for å behalde oppslutninga til FN i amerikansk opinion. USA er den største bidragsytaren til FN og står for 22 % av det regulære budsjettet.

Kjernebudsjettet for 2012–2013 er på USD 5,15 milliardar. Dette er eit kutt samanlikna med førre budsjettperiode – for første gong sidan 1997. Like fullt ligg det vedtekne budsjettet tett opp til prioriteringane og budsjettforslaga. Generalsekretæren har sett opp, og det varetok norske interesser.

FN-sekretariatet, som no har både ny controller og ny budsjettdirektør, innser at sjølve budsjettprosessen må reformerast. Dette får støtte frå Noreg og fleire likesinna, som òg ønskjer å gje Generalsekretæren større handlingsrom til å styre organisasjonen. Slik situasjonen er i dag, er det for stor grad av detaljstyring frå medlemslanda, ikkje minst gjennom arbeidet i 5. komité, og dette gjer organisasjonen mindre effektiv. Det var ikkje moegeleg å få utviklingslanda med på denne typen reformtenking. Dei er opptekne av å behalde mest moegeleg kontroll i Generalforsamlinga. Sidan det ikkje lukkast formelt å verte samde om reform av budsjettprosessar og andre styringsprosessar, vert det frå norsk side framleis lagt vekt på å støtte opp om moderniserande tiltak der det er moegeleg. Mykje kan gjerast utan formelle vedtak, men det er verd å merkje seg den generelle motstanden frå land i sør mot reform og effektivisering.

FNs oppfølging av internrevisjon blir styrkt, som følgje av at komiteen godkjende at det skal opprettast ein ny nestleiarstilling (ASG) for OIOS (FNs kontor for internt ettersyn). Dette resultatet var langt frå gjeve, og frå ein norsk ståstad må det sjåast på som ei klar forbetring. Støtta til palestinske flyktingar (UNRWA) vart auka med USD 5 millionar.

Sjølv om komiteen gjekk inn for ei avgrensa styrking av kontoret til Høgkommissæren for menneskerettar i Genève (OHCHR), rakk han ikkje å behandle spørsmålet om finansiering av hastemandata til Menneskerettsrådet, slik som oppfølging av situasjonar som Libya og Syria. Dette spørsmålet kjem opp til ny behandling våren 2012. Noreg engasjerte seg aktivt i å finne ei løysing til beste for FN's menneskerettsarbeid og vil vidareføre dette.

Delegasjonen leidde forhandlingane om finansiering av domstolane for Rwanda og det tidlegare Jugoslavia, i tillegg til mekanismen (International Residual Mechanism) for å slutføre arbeidet i dei midlertidige domstolane. Her vart ressursbehova

til organisasjonen i all hovudsak møtte, og alle par-
tar var nøgde med utfallet.

Finansieringa av dei politiske FN-operasjo-
nane, som t.d. operasjonane i Libya, Afghanistan
og Irak vart behandla, men då komiteen ikkje
kunne komme til ei løysing, vart den endelege
behandlinga utsett til hausten 2012. Finansieringa
av dei politiske operasjonane kjem no frå det regu-
lære budsjettet, som primært skal brukast som
FNs «driftsbudsjett». I takt med eit aukande tal på
politiske operasjonar og behov for både større
operasjonell fleksibilitet og ryddigare finansiering
har sekretariatet føreslått ei rekkje grep: Dei
ønskjer mellom anna at dei politiske operasjonane
får tilgang til fleire av dei same ressursbasane
som finst for dei fredsbevarande operasjonane.
Dei ønskjer òg å skilje ut budsjettet og gjere det
eittårig. Dette vert støtta langt på veg av dei fleste
medlemslanda, men er problematisk for dei fem
faste medlemene i Tryggingrådet, som kan ende
opp med ei høgare rekning. Når det skal forhand-
last på nytt om dette spørsmålet neste haust, vil
det falle saman med forhandlingane om FN's
bidragsskala. Det kan føre til ein interessant dyna-
mikk.

4.6 Juridiske spørsmål (6. komité)

6. komité har ansvaret for å behandle folkeretts-
lege spørsmål, mellom anna den årlege rapporten
frå Folkerettskommissjonen. Komiteen vedtek van-
legvis alle resolusjonar ved konsensus. Viktige
tema under denne sesjonen var mellom anna kam-
pen mot terrorisme, universaljurisdiksjon, retts-
statsprinsipp (rule of law) og rapporten frå Folke-
rettskommissjonen.

Resolusjonsforhandlingane om fremjing av
rettsstatsprinsipp var dei mest kompliserte, m.a.
på grunn av usemje om korleis høgnivåmøtet om
temaet neste år skal gå føre seg. Forhandlingar
om resolusjonen om kamp mot terrorisme var òg i
år vanskelege på grunn av usemje om korleis det
vil vere mogeleg å nå fram til ein heilskapleg anti-
terrorkonvensjon.

FNs interne rettssystem, rapporten frå FN's
kommissjon for internasjonal handelsrett, rappor-
ten frå spesialkomiteen for FN-pakta og rapporten
frå komiteen om sambandet med vertslandet stod
òg på dagsordenen til komiteen. I tråd med tid-
legare praksis vart det halde felles nordiske inn-
legg på mange av dagsordenspunkta.

Det er semje om at ein generell FN-konven-
sjon mot internasjonal terrorisme vil kunne effek-
tivisere samarbeidet for å nedkjempe terrorisme

ytterlegare. Trass i dette var det heller ikkje i år
nokon framgang i arbeidet.

Det viktigaste stridsspørsmålet går på å defi-
nere terrorisme. Arabiske land held fast ved å
halde handlingar som er utførte i kamp mot ei
okkupasjonsmakt, utanfor definisjonen. Samtidig
vil dei at definisjonen skal omfatte såkalla statster-
rorisme, dvs. valdshandlingar som er utførte av
ein stat. Vestlege land kan ikkje akseptere dette.
Diskusjonen om terrorismedefinisjonen er nært
knytt til konflikten i Midtausten.

Noreg vil styrkje kampen mot terrorisme alle
stader, same kven som utfører handlingane, og
kva som er motivet. Frå norsk side går vi imot løy-
singar som rettferdiggjjer handlingar ut frå at dei
har ein særskilt motivasjon (t.d. kamp mot ulovleg
okkupasjon). Vi er òg av den oppfatninga at
behandlinga av statshandlingar og statsansvar er
betre forankra i andre delar av folkeretten.

Det er usemje om korleis ein skal kome ut av
dei fastlåste forhandlingane. Somme ser det som
føremålstenleg å ta ein pause, andre gjer ikkje.
Kompromisset vart at det ikkje skal haldast møte i
forhandlingskomiteen i 2012, men at medlemene
forpliktar seg til å samlast att i 2013.

Universaljurisdiksjon er eit strafferettsleg kon-
sept som går på om ein stat skal ha høve til å straf-
fefølgje utlendingar for handlingar som er
utførte i utlandet. Dagsordenspunktet vart i si tid
føreslått av den afrikanske gruppa i kjølvatnet av
at europeiske statar arresterte representantar for
styresmaktene i enkelte afrikanske land som var
mistenkte for alvorlege brotsverk. Gruppa hevdar
at jurisdiksjonsgrunnlaget vart misbrukt av poli-
tiske årsaker.

Det var særleg viktig for Noreg å påpeike at
universaljurisdiksjon er eit viktig verkemiddel i
kampen mot straffridom. Samtidig understreka
Noreg at prinsippet, som alle andre rettslege prin-
sipp, sjølv sagt ikkje må misbrukast til politiske
føremål.

Det vart for første gong oppretta ei arbeids-
gruppe for å diskutere konseptet universaljuris-
diksjon. Det er usemje både om Generalforsam-
linga (i motsetning til Folkerettskommissjonen) er
det rette forumet for å diskutere konseptet, og om
det nærare innhaldet i det, dvs. kva brotsverk som
er omfatta av universaljurisdiksjon. Arbeids-
gruppa kom i år ikkje lenger enn til å verte samd
om rammene for den vidare diskusjonen.

Når det gjeld temaet rettsstatsprinsipp (rule of
law), er det ei brei godkjenning av grunnleg-
gjande rettslege normer, slik som kunngjering av
lover, likskap for lova og fråvær av vilkårlegheit.
Den årlege debatten om dette spørsmålet bar preg

Noregs deltaking i den 66. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 65. generalforsamlinga i FN

av at statar har forskjellige prioriteringar. Det går eit skilje mellom dei som fokuserer på rettsstatsprinsipp på internasjonalt nivå, m.a. Tryggingsrådets ansvar for sjølv å overhalde rettsstatsprinsippa, og dei statane som fokuserer på bygging av nasjonale rettsstatar og styrking av justissektoren på nasjonalt plan.

Det var vanskeleg å verte samde om rammene for høgnivåmøtet neste år om rettsstatsprinsippa. Kompromisset vart at det skal haldast eit opningsmøte i plenum og eit rundebord 24. september 2012.

Viktige spørsmål i rapporten frå Folkerettskommisjonen var mellom anna internasjonale organisasjonars ansvar, delte naturressursar, utvising av utlendingar, kva verknader væpna konflik-

tar har på traktatar, plikta til å utlevere eller straffeforfølgje, reservasjonar til traktatar, vern av individ ved katastrofar og tolking av traktatar over tid. Det vart halde fleire fellesnordiske innlegg under dagsordenspunktet om Folkerettskommisjonens rapport.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet 27. april 2012 om Noregs deltaking i den 66. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 65. generalforsamlinga i FN vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 66. generalforsamling

President, eksellensar, meddelegatar,

Sidan vi sist møttest her, har verda opplevd store endringar.

Vi har vore vitne til den arabiske våren. Folk reiser seg mot autoritære styreformar og krev respekt for dei grunnleggjande rettane som danner grunnlaget for sjølve FN-institusjonen. Despotar som ikkje kunne tilby folket eit godt og verdig liv i fridom, er kasta ut. I dag vert folkekravet om reformer i Syria møtte med vald. Vi oppmodar det syriske regimet om å respektere det legitime kravet frå folket om demokrati og grunnleggjande menneskerettar.

I juli vart det heist eit nytt flagg i Juba då vi feira at ein ny stat vart fødd. Førre fredag talte Sør-Sudans president Salva Kiir til oss frå denne talarstolen som leiar for den nyaste medlemsstaten i FN. Dette kan vi først og fremst takke folket og leiarane i Sudan og det som no er Republikken Sør-Sudan, for, som hadde både visjonar og viljekraft. Med det hadde ikkje vore mogeleg dersom verdssamfunnet ikkje hadde støtta prosessen aktivt. Dette viser kor viktig det er å mekle og løyse tvistar med fredelige middel.

